

Team Sunnmørsgruppa – Trygt liv i eigen heim



Teamet

Teamet- fra venstre mot høyre.

Øverst:

Ulstein kommune: Gunn Helen Muren

Vanylven kommune: Janita Nybø

Ålesund kommune: Ann Elin Myklebust

Nederst:

Herøy kommune: Tommy Dahl (Leidulv Grimstad fram til januar 2015)

Ørskog kommune: Sissel Nogva Refsnes

Prosjektleder: Tone Kiperberg

Kirkhorn



Sunnmørsgruppa er sett saman av representantar frå kommunane Ørskog, Herøy, Ulstein, Vanylven og Ålesund. Denne samarbeidsgruppa har utgangspunkt i “Velferdsteknologiprojektet på Sunnmøre”, eit prosjekt som under Det midtnorske velferdsteknologiprojektet har jobba med varsling/lokaliseringsteknologi og spelteknologi.

For å sikre forankring og overføring av kunnskap frå læringsnettverket og inn i den enkelte kommune, er det organisert lokale arbeidsgrupper. “Sunnmørsgruppa” er sett saman av leiarane av desse lokale gruppene, samt prosjektleder.

Grappa representerer ulike fag og roller, her under soneleiar og virksomheitsleiar for heimetenester, soneleiar sjukeheim samt rådgjevar/konsulent og samla sett fagbakgrunn innan sjukepleie, fysioterapi, ergoterapi.

Gjennom arbeidsgruppene har vi også kompetanse og rolle innan: IT, kommunikasjon, dag tilbod, hjelpemiddel, kvardagsrehabilitering, innkjøp, stabsfunksjonar og kommunalsjefar.

Problemstilling

Gjennom perioda i læringsnettverket har vi hatt fleire nyttige rundar for å identifisere behovet. Den overordna formuleringa er no:

Trygt liv i eigen heim.

Denne formuleringa dekker mange målgrupper og mange ulike behov. Vi har valt å sjå nærare på dette gjennom to hovudgrupper: Brukar/pårørande og kommune. Dette er eit stort arbeid, som også vil halde fram i etterkant av læringsnettverket.

Brukar/pårørande

Med utgangspunkt i ei formeining om at fleirtalet ønskjer å bu heime, på tross av funksjonsvanskar knytt til sjukdom, fysiske-, psykiske -, sosiale- eller sanserelaterte utfordringar, ville vi sjå nærare på deira behov for tryggleik, meistring, fridom til sjølv å styre eigne liv. Vi arrangerte difor ein idé-kafé der vi inviterte inn interesserte, pårørande og brukarar, organisasjonar, seniorsenter, media mv. Vi fekk her mange gode tilbakemeldingar, både relatert til verdiar og utfordringar innan tryggleik, fridom, sjølvstende og aktivitet. Eit eksempel:

Kari er 85 år og har i fleire år budd aleine i eiga leilegheit. Ho fekk nyleg slag, noko som har resultert i nye utfordringar. Ho har dårleg balanse, nedsett kraft i ei hand og opplever vanskar med hukommelse og orientering.

No ønskjer ho svært gjerne å flytte heim, men er engsteleg bl.a. for å falle, gløyme komfyren og at ho ikkje lenger våger å gå tur og dermed blir sitjande passiv inne.

I etterkant av idé-kafeen har prosjektleiar også intervjuet personar som deltek i samlingar arrangert av Norges blindforbund avd. Møre og Romsdal.

Vi jobbar no vidare med tilbakemeldingane, både i nettverksgruppa og arbeidsgruppene, med mål om god innsikt i behovet hjå brukar/pårørande. Vi planlegg å dra inn ytterlegare kunnskap gjennom bruk av tidlegare gjennomførte brukarundersøkingar, rapportar relatert til førebyggjande heimebesøk og eventuelt nye idé-kafear.

Kommunane

På bakgrunn av demografisk utvikling, økonomisk situasjon og retningslinjer frå helsedirektoratet, tek vi utgangspunkt i at kommunane har behov for:

- å gi heimebuande tryggleik til å bu lengst mogleg heime
- auka sjølvstende i eige liv
- at tenestar gis der brukar er, retta mot brukarens reelle behov
- kvalitative og kostnadseffektive tenestar
- utvikling av tenestar i tråd med *morgondagens omsorg*

For å kunne ta høgde for desse punkta er det behov for innsikt i behov relater til mange ulike områder. Kartlegginga av desse behova er ikkje fullført, men vil bli jobba vidare med også i etterkant av læringsnettverket. Aktuelle områder kan vere:

- Dagens tenestetilbod, sett opp mot framtidige behov. Kva skal kommunane tilby innan velferdsteknologi og korleis skal dette organiserast?
- Dekningsgrad for GSM og fastnett (internett)
- Overgang frå analog til digital kommunikasjonsplattform
- Behov relatert til ulike fagsystem og samordning av desse
- Nytte av interkommunalt samarbeid

Løysing

Kommunane i Møre og Romsdal tilbyr tryggleikspakkar som medverkar til å gi heimebuande tryggleik til å bu lengst mogeleg heime.

“Sunnmørsgruppa” har gjennom sitt tidlegare arbeid med varslings- og lokaliseringsteknologi sett utfordringar med enkeltstående velferdsteknologiske løysingar, som GPS. Vi gjekk difor inn i læringsnettverket med ein tanke om å arbeide fram mot meir heilskaplege løysingar. Gjennom arbeidet med behova har nytta av interkommunalt samarbeid kome enda tydelegare fram. Løysinga vi no ser føre oss omfattar difor eit ynskje om samarbeid med kommunar i heile fylket.

Kva innhaldet i tryggleikspakken skal innehalde må vi basere på behovskartlegginga, innsikt i velferdsteknologiske løysingar og avklaringar opp mot prioriteringar innan tenestetilbod i den enkelte kommune. Vi ser føre oss felles anskaffelsar, direkte på dei områda markedet alt har gode løysingar og innovative der det er behov for ytterlegare utvikling.

I arbeidet fram mot løysinga ligg også fokus på implementering og tjenesteinnovasjon.

Innhaldet i tryggleikspakkar famnar vidt, og omhandlar langt meir enn dei funksjonane vi kan koble til tryggleiksalarmar. Eksempel kan vere: varslings via tryggleiksalarmar inkl. sensorar, video-overvaking og- kommunikasjon, gps-lokalisering, omgjevnadskontroll, kognitiv støtte, tele-helse, e-helse, m-helse mv.

Test

Dei fyrste rundane med test, har omfatta tilbakemeldingar frå deltakarar på idé-kaféen, presentasjon av arbeidet for kollegaer og Sunnmøre regionråd. Tilbakemeldingane vi har fått tyder på at tryggleikspakkar er eit nyttig bidrag mot målet: *Trygt liv i eigen heim*. Gjennom dialog/test har vi også fått innspel på fleire aspekt som vi må ta høgde for, og har forsøkt å ta høgde for i det vidare arbeidet.

Utbytte

Vi har ikkje kome så langt at vi har grunnlag for å gjennomføre ei grundig gevinstvurdering, men dette er nokre områder vi ser som aktuelle:

Brukar og pårørande

- Trygt liv i eigen heim. Auka moglegheit for meistring, sjølvstende, tryggleik og fridom.

Kommunar

Kompetanse:

- Innsikt i behov både hjå brukar, pårørande og i kommuna, noko som er vesentleg i alt arbeid retta mot vidare utvikling av tenestene.
- Bestillerkompetanse, gjennom innsikt i markedet og erfaringar frå anskaffelsar og innovative anskaffelsar.
- Erfaring og kompetanse relatert til tenesteinnovasjon og implementering.

Kvalitet:

- Auka kvalitet i tenestane, gjennom levering av tenestar på bakgrunn av reelle behov, der brukar er.
- Målretta nærvær, moglegheiter til å prioritere fysisk tilstedeværelse der dette er behovet.

Tilsette:

- Tryggleik rundt at ein leverer så kvalitativt gode tenestar som mogleg, kan ha positiv effekt på arbeidsmiljø og sjukefråvær.
- Bruk av teknologi innan helse og velferd kan bidra til at fagfeltet blir meir attraktivt for ei vidare gruppe, og bidra til å sikre tilgang på kompetanse og arbeidskraft.

Økonomi:

- Ein potensiell økonomisk gevinst ved tryggleikspakken er relatert til utsette behov for auka personbaserte tenestar. Tek ein utgangspunkt i at behovet for auka tenestar utsetjast med ett år, er det mogleg å berekne ei potensiell innsparing på kommunale budsjett.

Sintef utførte for Bærum kommune ei utredning og økonomisk analyse av dei kommunale pleie- og omsorgstenestane, basert på ein kostnadsmodell frå NORUT.

Denne antyder følgjande:

“Dersom trygghetspakken kan utsette behovet for økte tjenester med ett år vil kommunen kunne spare brutto fra kr. 32 000 for en bruker som bor hjemme og har lite bistandsbehov i utgangspunktet, til om lag 500 000 for en bruker som kan unngå sykehjem i ett år.” (Velferdsteknologi i pleie- og omsorgstjenestene. Grut, L., Hem, K-G., Sintef 2012)

Samfunnsgevinst

- Anskaffelser, og da spesielt innovative anskaffelser kan bidra til utvikling i leverandørmarkedet.
- Dialog med brukarar, pårørande, interessert mv. vedrørande behov og moglegheiter vil setje fokus på planlegging og ansvar for eige liv. Dette håper vi kan bidra til holdningsendringar i samfunnet.
- Dialog med brukarar, pårørande, interesserte mv. vedrørande velferdsteknologi vil spreie kunnskap også blant innbyggere.

Sjølvevaluering

Teamet – rette personane?

Hovedutfordringen med valt organisering i gruppa har vore å sikre overføring av kunnskap til, engasjere og organisere dei lokale arbeidsgruppene. Vi har møtt utfordringar med fråfall grunna sjukdom, kapasitet, tid og prioritering. Gruppene har kome ulikt mtp organisering og utbytte.

Med tanke på den valde organiseringa, gir gruppa tilbakemelding på at kommunane er representert med rett person.

Forankring – god nok støtte?

Arbeid innan velferdsteknologi er godt forankra i statlege føringar, og er “inn i tida”. Vårt prosjekt er forankra i leiinga i den enkelte kommune gjennom informasjon/dialog til rådmanns- og kommunalsjefsnivå, kontinuerlege referat frå arbeidet til styringsgruppa og leiarar som deltek i arbeidsgruppene. Hjø dei tilsette skjer forankring gjennom involvering i arbeidsgruppene og hjå brukarar og pårørande gjennom media, idé-kafé, organisasjonar. Politisk er arbeidet forankra gjennom informasjon til diverse råd og utval.

Med tanke på status i arbeidet i dag, føler vi at prosjektet har god nok forankring, men vi ynskjer på sikt at arbeidet også blir forankra i overordna styringsdokument i dei ulike kommunane.

Proessen . Kva har fungert godt, kva kunne vi ha gjort annleis?

Hovudutfordringa i perioda har vore kapasitet i dei ulike arbeidsgruppene, men også inn i sjølve nettverksgruppa. For å sikre at arbeidet ikkje stoppar opp på grunn av dette har vi drøfta behov for økt fokus på å gi kvarandre tilbakemeldingar undervegs i prosessen, at arbeidsgruppene kan nytte prosjektleiaren meir som støttespelar lokalt, og at prosjektleiar formidlar svært tydeleg når det er behov for konkrete tilbakemeldingar.

Prosjektet gruppa har tatt med inn i læringsnettverket er stort, og har medført utfordringar mtp tidsperspektiv. Det er positivt at samlingane har vore til nytte for alle, på tross av ulik tematikk og status. Om vi skal ynskje noko vidare vil det vere ein del 2, med fokus på implementering.

Læringsnettverket – nytteverdi?

Deltaking i læringsnettverket har bidratt til at vi har gått nokre ekstra og nødvendige rundar inn i behovet – og at vi har oppdaga fleire ulike sider/tema vi må ta omsyn til i prosessen.

Deltakinga har også bidrege til eit økt fokus på at vi undervegs må ha fokus på tenesteinnovasjon, for å sikre at resultatet blir implementering og medfører endringar som nyttige og blir nyttiggjort (N³) opp mot målet om [Trygt liv i eigen heim](#).

Nettverksgruppa vektlegg også fylgjande:

- Verdien av å høyre andre sine utfordringar, vinklingar, idear, løysingar og erfaringar.
- Auka innsikt i nytta av å jobbe grundig med behovet, og utsetje løysingsfokuset.
- Bli fristilt frå kvardagen, og skulle tenke nytt og framtid.
- Stiller meir spørsmål ved gode idear/forslag/løysingar. Er dei basert på eit reelt behov? Ser nytta av nokre ekstra rundar med behov – løysing – test, for å sikre at ein ikkje set i gang løysingar som er “feil”.
- Auka fokus på kva som er kommuna sitt ansvar, og kva vi skal tilby.
- Stadfesta nytta av det arbeidet vi har gjort tidlegare, og kunnskap vi har samla.